

MØTEBOK

Område	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 11.00 Til kl. 16.00
Nordfjella	Villreinutvalet, årsmøte	Fausko Skysstasjon	10.4.10	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar 11 medlemar møtte (sjå eiga deltakarliste).

**Vara-
medlemar**

Andre Villreinnemnda (4 medl.), to frå jaktoppsynet, Anders Mossing frå Norsk villreinsenter sør, og sekretæren for villreinutvalet.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/10 – 11/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

Møteboka er underskriven av Ingmar Hjellum og Torgunn Huso.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Styremedlemene i villreinutvalet, Villreinnemnda v/Aurland Naturverkstad,
FM i Sogn og Fjordane v/Hermund Mjelstad.

MØTEBOK

Villreinutv. Nordfjella, årsmøtet Møtedato: 10.4.10 Stad: Fausko Skysstasjon

Sak 1/10. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjend.

Sak 2/10. Val av to til å skriva under møteboka

Ingmar Hjellum og Torgunn Huso vart valde.

Sak 3/10. Årsmeldinga og rekneskapen for 2009

Lars Nesse gjekk gjennom årsmeldinga. Årsmeldinga vart **samrøystes godkjend**. Kasserar Kjartan Eide-Fredriksen gjekk gjennom rekneskapen og revisjonsmeldinga. Rekneskapen vart **samrøystes godkjend**.

Sak 4/10. Jaktresultat og oppsynsrapportar for 2009

Oppsynsleiar Håkon Øydvin gjekk gjennom oppsynsrapporten, og svarde på spørsmål i samband med denne. Det vart orientert om utfallet av nokre politimelde saker dei siste åra.

Harald Skjerdal gjekk gjennom jaktstatistikken. I samband med denne vart det drøfta kva ein kan gjera for å få betre oversikt over kvar alle dyra er felte (jaktfelt/kommune).

Sak 5/10. Teljingar 2009-10

Det vart orientert kort om dei siste teljingane i villreinområdet.

Sak 6/10. Diverse informasjon frå Norsk Villreinsenter sør, v/Anders Mossing

- orientering om aktiviteten til villreinsenteret
- orientering om påbegynt arbeid med kartlegging av villreinen sin bruk av Nordfjella, og yttergrenser for villreinområdet.

Sak 7/10. Budsjett for 2010. Fastsetjing av medlemskontingent og styregodtgjersle

Kjartan Eide-Fredriksen gjekk gjennom budsjettframlegget frå styret. Budsjettframlegget vart **samrøystes godkjent** (samla inntekter 296.985, utgifter 350.000, årsunderskot 53.015).

Medlemskontingent 1 øre pr. daa.

Styregodtgjersle: Leiar 10.000, kasserar 4.000.

MØTEBOK

Villreinutv. Nordfjella, årsmøtet Møtedato: 10.4.10 Stad: Fausko Skysstasjon

Sak 8/10. Endring av vedtekter for villreinutvalet

Styret sitt framlegg låg føre. Dette vart **samrøystes vedteke**, med følgjande ordlyd i § 4, pkt. 6: *"Kvart år velja leiar og nestleiar mellom dei 12 på førehand valde representantane til styret."*

Sak 9/10. Fellingskvote og lokal jakttid for 2010

Samrøystes vedtak:

Jakttid: 20.8. – 20.9.

Nattefreding: kl. 19.00 – 07.00.

Fellingskvote: 1000 dyr

Fordeling: 20 % frie dyr, 40 % simle/ungdyr, 40 % kalv.

Grunngjeving kvoteforslag: Bestandsmålet i driftsplanen, 2200 dyr, er nådd. Fellingskvote og fordeling er i samsvar med dei føresetnader som ligg i driftsplanen med dagens bestandsstorleik og –struktur.

Styret får fullmakt til å gjera vedtak om annan lokal jakttid i sone 2, dersom det skulle visa seg å vera naudsynt.

Sak 10/10. Arbeidsplan for 2010

Det kom forslag om å arbeida meir med problematikken omkring overgang av rein over Finsetunnellen. Det var og eit ynske om at villreinutvalet sin jegertelefon vert meir oppdatert. Elles skal dei vanlege teljingar/tiltak gjennomførast i 2010.

Sak 11/10. Val av leiar og nestleiar for 1 år

Leiar: Lars Nesse

Nestleiar: Sigmund Tveitehagen

Vala var **samrøystes**. Styret får fullmakt av årsmøtet til å velja revisor.

Møteboka underskriven av: *Ingmar Hjellum og Torgunn Huso.*

Aurland, den 16.4.10

Harald Skjerdal
(ansv. for rett utskrift)

